

Kartverket  
Linn Winnæss-Karlsen

Dykkar ref.  
06/04993-56

Vår ref.  
20/522-5/LLH

Dato  
16.03.2021

## Valle kommune – namnesak 2020/446 – Landfit/Langfet og namneleddet fit/fet – tilråding

### Innleiing

I samband med adresseringa har Kartverket, etter ønske frå Språkrådet, reist namnesak på naturnamnet *Landfit/Langfet* og namneleddet *fit/fet* i Valle kommune. Kommunen har gjennomført høyringsrunde, men det har ikkje kome inn fråsegner. Kommunen sjølv skriv «Lokalt vert det sagt Landfit, og ein meiner det er feil at dette vert endra til Langfet».

### Saksopplysningar

Det er ikkje registrert namn frå Valle i heradsregisteret eller i Språkrådets registreringsverktøy.

### Diskusjon og tilråding

Grunnordet *fit* har i gammalnorsk kort vokal, og i tradisjonelt setesdalsmål står denne vokalismen ved lag, når ikkje den etterfølgjande konsonanten er nasal (jf. Hans Ross: *Norske bygdemaal*, 1909, nr. 3, s. 39, jf. også Målføresynopsisen).

Den normerte skrivemåten i nynorsk er i dag berre *fet*, medan forma *fit* var gjeldande tidlegare (m.a. så seint som i 2006). Dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn opnar for å nytte dialektformer som ligg nær den norrøne forma (punkt 3.8): «Når dialektar som har bevart gammalnorske trekk som elles har falle bort i norsk, ligg til grunn, kan det visast i skrivemåten. Skrivemåten kan til dømes vere *Li* (gjeldande rettskrivingsform) eller *Lid* (tidlegare rettskrivingsform)».

Same grunnordet har vi i namnet *Fidje* og som forledd i til dømes *Fidjestøl* og *Fidjeland*, som det finst mange døme på andre stader på Agder, då med den leniserte konsonanten [d], og nesten utan unntak med vokalen <i>. Namnet *Fedi* i Sirdal er eit unntak, truleg også *Feda* i Kvinesdal.

Det er med dette godt grunnlag for å tilrå skrivemåten *fit*.



Når det gjeld forleddet i namnet *Landfit/Langfet*, er det grunn til å tru at dette opphavleg har vore *Lang-*, fordi det er det som er registrert, og fordi det framstår som meir typisk beskrivande. Samstundes ville ein vente bindevokal mellom namneledda, men det gjeld begge dei aktuelle variantane. Namnet *Langefit* er til dømes registrert i Åseral.

Kommunen opplyser sjølv at den lokale uttalen er "Landfit", men skriv ikkje noko om kva denne opplysninga byggjer på. Det er ikkje umogleg at dette er korrekt, og at *Land-* er det opphavlege, men det kan like gjerne skuldast at grunnlaget er for svakt. Når den etablerte skrivemåten har vore *Lang-*, og når dette er eit meir typisk føreledd til *fit*, er det diskutabelt å velje forma *Landfit*, når ikkje det ligg føre fleire opplysningar.

Vi tilrår difor skrivemåten **Langfit** for dette naturnamnet, og **fit** for namneleddet i dei andre namna i saka.

Vennleg helsing

Rune Røsstad  
namnekonsulent

Daniel Gusfre Ims  
seksjonssjef

Line Lysaker Heinesen  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

**Mottakarar:**

Kartverket

**Kopi til:**

Rune Røsstad